

Høyring – «Forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.»

Bokn kyrkjeleg fellesråd hadde møte 14. juni 2017 og vedtok følgjande høyringsvar:

1. **Direkteval eller kombinasjonsval**

Bokn kyrkjeleg fellesråd støttar alternativ 3, «Kombinasjonsval i alle bispedømme».

2. **Fleirtalls- og forholdstalsval**

Alternativ 1, Vidareføring av dagens ordning.

Uansett valordning bør ein nominasjonskomité ha som oppgåve å leggje fram ei bredt samansett valliste. Det bør vere opning for supplerande nominasjon for nominasjonskomitéens liste uansett om det er fleire lister eller ikkje.

3. **Tilskotsordning til nomineringsgrupper**

Me vil sterkt åtvare mot å leggje til rette for ordningar og praksis som direkte eller indirekte opnar for verksemd i kyrkja som liknar på partipolitikk. Difor er me mot å etablere tilskotsordning til nomineringsgrupper, mv.

Likevel er det viktig at tilskot til lokal tilrettelegging og til trykking og utsending av valkort, blir oppretthalde. Med den økonomiske situasjonen som er i kyrkja, bør ein ikkje leggje til rette for fordyrande tilskotsordning til nomineringsgrupper.

4. **Personvalreglar.**

4.1 Me støttar at talet på tilleggsstemmer er avgrensa inntil tre, slik som i dag.

Me støttar dessutan at kyrkjevalet har same reglane for stryking som gjeld for kommune- og fylkestingsvala.

4.2 Me støttar åtte prosents sperregrense ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, på same måte som ved val til fylkesting.

4.3 Stemmetillegg. Me ønskjer ikkje ei ordning med stemmetillegg ved kyrkjelege val.

5. **Valkrinsar.** Det må ikkje opnast for stemmegjeving utanfor eige sokn på valdagen.

6. **Manntal.** Same reglar for manntal må gjelde ved kyrkjelege val som ved alminnelege val.

Bispedømmeråda bør kunne vedta eigne bestemmelsar for manntal for val av prester og for val av leke kyrkjeleg tilsette.

7. **Valform**

Me viser til svaret under punkt 1,2 og 3.elles samd med forslaget som ligg føre.

8. **Supplerande nominasjon.** Me viser til svaret ovanfor i punkt 2: «Uansett valordning bør ein nominasjonskomité ha som oppgåve å leggje fram ei bredt samansett valliste. Det bør vere opning for supplerande nominasjon for nominasjonskomitéens liste uansett om det er fleire lister eller ikkje.»

9. **Stemmesetlar.**

9.1 Me støtter forslaget om at bispedømmerådet har ansvar for trykking og utsending av stemmesetlar ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

9.2 Endring på stemmesetlar. Me støttar forslaget om å vidareføre ordninga der veljaren ved val til sokneråd kan gje inntil tre kandidatar på stemmesetelen éin tilleggsstemme. Vidare støttar me at veljaren ved val til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet kan gje inntil tre kandidatar på stemmesetelen éin tilleggsstemme, og føre på inntil tre namn frå andre lister.

10. Førehandstemming.

Me støtter førehandstemming som ved førre val.

11. Ad. Nominasjon lek kyrkjeleg tilsette. §11-1

Her står: «Det bør tilstrebes representasjon av yngre prester (...)». Me reknar med at her er ein skrivefeil og at yngre prester fell inn under §10 «Val av prest (...)» .

Bokn 14. juni 2017

Bokn kyrkjeleg fellesråd

Merete Alvestad

Leiar